



Vår dato:

12.12.2023

Vår ref:

2022/16759

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Høyring av frivillig skogvern for Helleren (Galdane) naturreservat i Lærdal

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Helleren i Lærdal kommune. Vi fekk innspel om å gå bort i frå det tidlegare namnet Galdane naturreservat, og legg namnet Helleren naturreservat som alternativ til grunn i høyringa. Du er velkommen til å sende innspel i høyringa innan 15. februar 2024.

Tilbodsområdet Helleren er lokalisert på gards- og bruksnummer 48/1 i Lærdal kommune. Arealet er eidd av ein privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedomen som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Området er lokalisert i ei varm, sørvendt li langs Lærdalselva, der dalføret er på sitt trongaste. Stadvis renn elva i eit så trøngt gjel at artsutvalet liknar på det ein finn i naturtypen bekkekløft. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone og er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Vi ber om høyringsinnspele for arealet som har ein storleik på 833 dekar.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2023 var omlag 5,2 prosent av skogarealet og ca. 3,9 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har i overkant av 3 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eidd skog og ved frivillig vern av privateid skog. Frivillig vern av Helleren i Lærdal inneber at skogeigar tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget. Årets nyleg vedtekne statsbudsjett viser ei historisk høg satsing på skogvern i Noreg.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar. Fysiske inngrep som

E-postadresse:

sfvlp@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Statens hus, Kaigaten 9, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvaltaren.no/vl

Org.nr. 974 760 665



fylge av nedbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjøre for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Dei siste åra har frivillig skogvern etter naturmangfaldslova vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigar sjølv ønskjer dette. Grunneigar på Helleren har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigar, og som ser til at interessene til grunneigar vert ivaretake.

Verneverdiar på Helleren

Tilbodsområdet Helleren i Lærdal ligg i ei sørsvendt li i sørboreal vegetasjonssone. Området er svært variert både topografisk og med omsyn til vegetasjon og skogtypar. Skogen omfattar rik edellauvskog med vekt på gråor-almeskog og er omtalt som svært viktig i bekkekløftkartlegginga frå 2009. I landskapsmosaikken er også gråor-heggeskog, store, gamle tre av hengebjørk og alm, og i tillegg osp, rogn, einer, hassel hegg, furu og lind. Området inneheld rasmark og sørsvendte berg, nokre stader rike på mosar og lav. Trass ein del rasmark med impediment har over halvparten av lia middels til høg til særhøg bonitet, og vil dermed bidra til å auke delen skog med høg bonitet i skogvernet i fylket.



Figur 1 Vi legg fram forslag om vern av Helleren naturreservat, tidlegare omtalt som Galdane naturreservat, ut på høyring. Området er rikt på naturmangfald og vil kunne bidra til å dekke manglar i skogvernet i fylket.

Området vil i tillegg bidra til å dekke manglar i skogvernet med låglandsskog i sørboreal sone, rike edellauvskogtypar og ei stort tal raudlista artar. Innslaga av hole lauvtre, rikbarkstre og tre med sprekkebark er viktige for artsmangfaldet og blir tillagt verdi, og i eldre bestandar av gråor er det høg konsentrasjon av daud ved. Det er også behov om å verne meir natur med bekkekløftpreg i fylket.

Av 16 raudlista artar registrert i tilbodsarealet er 6 sterkt truga (EN), mellom anna gåsefot, stuvkraterlav og skumkjuke, og 5 artar er nært truga (NT), mellom anna klosterlav. For å få oversikt over registrerte artar, sjå rapporten Skoganalyse vedlagt vernesaka på våre heimesider. Vi vurderer området som svært verneverdig. Området har vore kartlagt av erfarte biologar, og Statsforvaltaren er godt kjent i området gjennom synfaringar i felt.



Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Helleren.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiene i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde Kongevegen, fiskeplassar langs Lærdalselvi og eksisterande turstiar ved like.

Brukarinteresser

Kongevegen går gjennom Helleren og er mykje brukt av vandrante. Tal frå 2020 syner at kring 66 000 personar går ulike delar av Kongevegen, og strekninga som går gjennom det føreslegne verneområdet er [ei av dei mest populære på ruta](#). Kongevegen er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar i kulturminnelova. Til fredinga knyter det seg [eigne fredingsbestemmingar](#), meir om dette under kapittelet Innspel i verneprosessen. Kongevegen skal kunne bli restaurert og den skal kunne haldast ved like. Delar av strekninga er allereie restaurert og i god stand, og det blir gjennomført slått av vegetasjonen på sommarstid. Andre delar av Kongevegen treng gjenoppbygging, vedlikehald og meir skjøtsel i tilgrensande areal ved sidan av vegen dersom vegkantfloraen skal få større plass.

Kulturminnet Kongevegen husar verdifullt naturmangfald, særleg av insektfauna, og større delar av denne historisk viktige vegen vil kunne trenge skjøtsel både av omsyn til framkomsten til dei besøkande, for kulturlandskapsverdiane og for biologisk mangfald.

Det føreslegne verneområdet er ein del av [Utvale kulturlandskap i jordbruket i Lærdal](#). Dette er eit kvalitetsstempel som 50 andre område i landet også innehavar. Kvart område har sitt særprega landskap der folk tek vare på naturmangfald, kulturhistorie og jordbruksdrift gjennom tradisjonelle bruksmåtar og vår tids bygdeliv.

Det er mange kulturminne, i tillegg til Kongevegen, langs dalføret, både frå andre verdskrig og frå tidlegare tider. Særleg samferdslehistoria er rik på kulturminne, der Kongevegen er det mest synlege anlegget. Steingardar ber minne etter tidlegare tiders utmarksslått, og midt i kandidatområdet ligg spor etter Glorhelleren, ein gamal husmannsplass frå 1700-talet. Segelslettgrovi har ei lett fossesprutsona der farande til alle tider har teke seg ein pust i bakken, drikke seg utørst og kanskje tatt seg ein dusj før ein kjem fram til folk og større grender. Disse anlegga vil kunne bli heldt ved like eller sett i stand som kulturminne i samråd med kulturminnestyresmaktene. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området. Tradisjonelle fiskeplassar og fiskestiar langs elva skal kunne haldast opne og ved like.

Det er ikkje beite frå husdyr i det føreslegne naturreservatet i dag. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr dersom grunneigar ønskjer det i framtida, samt utplassering av saltstein i samband med eit eventuelt dyrehald. Forskrifta har også ei opning for å kunne søkje om oppsetting av gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald.



Figur 2 Det føreslegne verneområdet har mange verdiar, både i form av naturmangfold med edellauvtre, insekt og lav, men også kulturminne, for rekreasjon og reiseliv. Kongevegen går gjennom området. Tretrappa førar ned til en av fiskeplassane ved Lærdalselva, ein av landets viktigaste lakseelvar. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Det går føre seg jakt i kandidatområdet. Dette vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Ein vil også kunne varsamt rydde mindre mengde kvist i siktgater i samband med storviltjakt i eit framtidig naturreservat. Bålbrenning vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Varsam



uttransport av felt storvilt med beltegående terrengkøyretøy har også verneforskrifta opna for, så lenge det ikkje blir sett varige spor i terrenget.

Det er andre samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsruter i tillegg til Kongevegen, mellom anna opp til Skora, jf. vernekartet. Det er i utgangspunktet ikkje opna for å halde større arrangement i naturreservatet, men det er opna for å kunne gje løyve jf. § 7 bokstav e til avgrensa bruk dersom arrangementet ikkje strir mot verneføremålet. Dette vil ikkje gjelde normal ferdsel, guiding, etc. på Kongevegen. Merking og rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar som ikkje er avmerkt på vernekartet kan forvaltningsmyndigheita gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Det vil vere lov å ri, bruke hest og kjerre og sykle på Kongevegen, men det vil ikkje vere lov med motorisert ferdsle generelt eller el-sykkel i verneområdet.

Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 5. oktober 2023. Innan fristen den 4. november fekk vi inn 4 innspel. Vi fekk i tillegg innspel frå Statens vegvesen den 6. november 2023 og frå NVE i brev datert 16. november 2023. Alle innspela er omtalt i det vidare dokumentet. Tal innspel er såleis 6. Statsforvaltar var på synfaring med ein av avsendarane, Kongevegbedrifter Filefjell SA, etter invitasjon for å avklare spørsmål i felt.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruks-forvaltinga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga, og tilrår oss å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat. Språkrådet skriv at garden på gards- og bruksnummer 48/1, tilhøyrande grunneigaren der vi har sett i gang verneprosess, er registrert som med namn i prioritert form *Nedre Øygarden*. Namnet *Øygarden, nedre* er registrert som prioritert skriveform. Språkrådet finn ikkje namnet Galdane registrert på denne eigedomen. Derimot er namnet Galdane registrert i SSR (sentralt stadnamnregister) på gardsnummer 1. Blant gardane på nordsida av Lærdalselva er gardsnummer 1 den nærmeste nedom (vestanfor) gardsnummer 48. Språkrådet tilrår difor å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat på verneforslaget.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspelet frå Språkrådet og erkjenner at Galdane ligg utanfor vernegrensa på arealet vi har meldt oppstart på. Vi går difor bort i frå å nytte namnet Galdane sidan Språkrådet som fagmyndigheit tilrår dette. Galdane er ein særmerkt husmannsplass langs dalsida frå 1600-talet (sjå biletet), men det ligg rett nok utanfor vernegrensa. Namnet Nedre Øygarden er namnet på garden til grunneigar som har tilbydd skogen sin til vern. Vi vurderer at garden også ligg fysisk noko åtskilt frå vårt verneforslag. I dialog med grunneigar og med Lærdal historielag, i tillegg til vår lokalkunnskap ønskjer vi ikkje å nytte namnet Nedre Øygarden naturreservat, då det ikkje er eit namn folk vil forbinde med området. Vi vil difor høyre namnet *Helleren naturreservat*, og høyre kva



Språkrådet meiner om dette alternativet. Helleren, eller Glorhelleren, er ein gamal husmannsplass vest i det føreslegne verneområdet. Det er sett opp informasjonstavler ved Glorhelleren for å gje dei passerande informasjon om husmannsplassen, slik det er sett opp informasjonstavler på andre interessepunkt langs Kongevegen. Sidan namnet Glorhelleren ikkje er registrert i SSR og heller ikkje er å finne på offisielle kart, vil vi foreslå Helleren, og ønskjer tilbakemeldingar om dette namnet i høyringa. Både Språkrådet, Lærdal historielag og fleire kan ha innspel i saka. Vi har gjort endringa i samråd med grunneigar.



Figur 3 Biletet viser husmannsplassen Galdane som ligg utanfor det føreslegne verneområdet. Etter innspel frå Språkrådet går vi bort i frå namnet Galdane om verneområdet, og vil høyre namnet Helleren naturreservat som alternativ. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Lærdal kommune skriv i uttale at kommunen er positiv til oppstart av verneprosess for naturreservatet. Kommunen skriv at det er viktig å få kartlagt kva følgjer det planlagde vernet vil kunne få for dei ulike interessene i området, og at kommunen gjerne vil bidra i planarbeidet dersom det er ønskjeleg. Forslaget til vern vil bli lagt fram for politisk handsaming under høyringsprosessen.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for tilbodet om bidrag under verneprosessen, og ser at kommunen har ei aktiv rolle mellom anna i oppfølginga av Utvalde kulturlandskap i jordbruket, som inkluderer Helleren. Vi ser også at kommunen følgjer opp skjøtsel langs Kongevegen. Vi vil gjerne at kommunen vurderer forslaget til verneforskrift for naturreservatet, og om vernereglene tar nok omsyn til både kulturlandskapet og skjøtselsbehova. Dersom det eksisterer forvaltnings- og skjøtselsplanar for området kan vi på sikt drøfte korleis området kan skjøttast best mogeleg for å sikre natur- og



kulturverdiane i fellesskap, og dersom det ikkje finst slike planar kan vi i samarbeid utarbeide slike. Når eit område er verna etter naturmangfaldlova opnar det seg fleire mogelegheiter for midlar til skjøtsel når målet er å styrke og oppretthalde verneverdiane.

Statens vegvesen skriv i si uttale dei er positive til skogvern, men ønskjer eit par presiseringar knytt til vedlikehald av Kongevegen. Kongevegen er freda etter Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar kap. 29 Freda eigedomar i landsverneplan for Statens vegvesen - veganlegg, jf. § 22 a i Kulturminnelova. Til fredinga knyter det seg eigne fredingsbestemmingar. Fredinga skal sikre og bevare vegprofilen med over- og underbygging, inklusiv vegbreidd og murer. I verneforskrifta § 4-f. ber Statens vegvesen om at teksten blir endra til følgjande: *Vedlikehald av Kongevegen som inkluderer årleg skjøtsel (jf. eigen skjøtselsplan) og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.* Raudmerka tekst er forslaget frå vegvesenet som tillegg i den føreslegne lovteksten. Vegvesenet ber også om at det lagt til eit nytt punkt i § 6, med følgjande tekst. *Naudsynt motorferdsel tilpassa vegens tilstand knytt til årleg skjøtsel – eksempelvis ATV m/beitepussar jf.. § 4 g.*

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspel og oversendinga av fredingsbestemmingane for Kongevegen. Fredinga etter kulturminnelova og etter naturmangfaldlova kan fungere godt i lag. Under synfaringa såg vi at potensialet og sannsynlegheita for at insekt, til dømes humler, overvintrar og bygger bol i dei solvendte murane langs Kongevegen er stor. Vi vil tilpasse verneforskrifta slik at skjøtsel kan gå føre seg på og ved vegen som tidlegare. Skjøtsel vil vere viktig for å sikre vegkantfloraen, og dermed også insekt og fugl i det økologiske nettverket, langs traseen. Skjøtsel vil også redusere oppslag av kratt som kan destabilisere murane og skygge ut lyskrevjande flora. Vi har endra formuleringa i § 4 bokstav g til: *vedlikehald av Kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.* Vi har også lagt inn ei formulering i § 6 bokstav d som lyder: *Naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata.*

Kongevegbedrifter Filefjell SA v/ styret er positiv til oppretting av naturreservatet, og har fleire innspel. Styret ønskjer at Statsforvaltaren skal sjå på mogelegheita av å utvide verneområdet til å gjelde heile Galdane-sida av elva, altså frå Sjurhaugen til E16 ved Selto. Det er viktig at det blir teke omsyn til at Kongevegen blir brukt av mange vandrande kvart år, og viser til ei teljing som vart utført i 2020 med 66 000 passerande på ulike delar av Kongevegen. Fordi anlegget heller ikkje er ferdig restaurert må ikkje vernet «fryse» mogelegheita for å restaurere og gjenoppbyggje kulturminnet vidare. Det må også vere lov å setje opp eit toalett langs Kongevegen.

Når det gjeld skjøtsel så skriv Kongevegbedriftene vidare at vegetasjonen i mai på vegbana blir klypt i midten av traseen for å ta omsyn til blomstringa på kantane. Frå 15. august blir heile breidda klypt ut til kantane/stabbesteinane/muren. Fordi folk berre går i midten av traseen før heile breidda blir klypt førar det til slitasje og eit djupare far i midten, og med auka nedbørsmengder får ein såleis djupe søkk som øydelegg kulturminnet. Kongevegbedriftene skriv vidare at det må bli klypt ei breiare trase om våren for å spreie slitasjen over ein større del av vegbreidda. I innspelet står det vidare at det må vere lov å rydde vegetasjon rundt enkeltanlegg som ligg nærmare enn 10-15 meter frå Kongevegen. Det gjeld historiske anlegg som natur- eller menneskeskapte for husdyrhald, stadar for dusj og klesvask, overnattingsplassar under steinar og hedlear, tyske forsvarsanlegg, bunkerar og ammunisjonsholer i fjellet, sti til utsiktspunkt o.l. Området er ei viktig formidlingsarena for lokal, regional og nasjonal kulturhistorie. Desse anlegga bør inkluderast i «større arrangement» i paragraf 3, punkt D. Dei ber om ei synfaring i området før høyringa.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Ordninga vi no har, med ei avtale der grunneigar tilbyr skog til skogvern er heilt frivillig. Vi vil gjerne ha dialog med fleire grunneigarar nært innpå Helleren, og i dalføret, då det stadvis er særstak naturverdiar i Lærdal. Det er ikkje interesse for eit større område per dags dato, men dersom interessa tek seg opp vil vi kunne vurdere å utvide verneområdet.

Vi ser kor mykje som blir formidla til eit interessert publikum langs Kongevegen av både kulturhistorie og naturverdiar, og takkar for opplysningsinnspel. Vern av Helleren som naturreservat vil ikkje hindre restaurering av kulturminne i samråd med Statens vegvesen og av kulturminnestyresmaktene, og vi ser at flora og fauna også har nytte av slått, gjenoppbygging av steinmurar og lysopne område fri for kratt inntil vegbana. Vi kan ikkje på det noverande tidspunkt gå inn i detaljane kring skjøtselen og breidda på slåtten tidleg og seint om sommaren på Kongevegen. Vi ser at det er mange aktørar som er involvert, og det er kanskje skjøtselsplanar allereie i området. Ved eit vern etter naturmangfaldlova vil vi kunne, i samarbeid med kommunen og vegvesenet, ta initiativ til eit samordningsmøte. Vi vurderer, etter synfaringa, at det er mest hensiktmessig å plassere eventuelle toalett ved parkeringsplassar og andre sentrale knutepunkt. På synfaringa så vi ikkje opplagde lokaliseringsalternativ for eventuell plassering av toalett, då det med så mange menneske vil kunne krevje mykje tilsyn og vedlikehald. Det vil opne gode toalett ved Bruknappen i regi av vegvesenet.

Dei historiske anlegga er viktige for å ta vare på kulturhistoria vår, samstundes som dei er viktige i formidlinga langs Kongevegen. I verneforskrifta har vi teke omsyn til dette i § 4 bokstav g, der det er generelle unntak frå vernereglane *for vedlikehald av Kongevegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet*. I § 6 bokstav d har vi no, etter innspelet frå Statens vegvesen (sjå neste innspele i dette kapittelet) opna for *naudsnyt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel, jf. § 4 bokstav g. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata*. For restaurering av delane av Kongevegen som treng gjenoppbygging viser vi til dispensasjonsheimelen i § 7 bokstav b som lyder *Forvaltingsstyremakta kan etter søknad gi dispensasjon til: Istandsetting, vedlikehald og naudsnyt skjøtsel av kulturminne*. Etter innspele fra Kongevegbedriftene har vi lagt inn eit tillegg i § 3 bokstav d om større arrangement for å ta høgde for at også dei kulturhistoriske anlegga i tilknyting til Kongevegen framleis kan vere arena for formidling t.d. til bussgrupper med fleire utan krav om dispensasjon.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv at det føreslegne verneområdet grenser til eit regulert vassdrag, og at vatnet som nyttast til Stuvane kraftverk er eigd av Okken Kraft AS. NVE ber om at bestemmingar for rydding i samband med flaumsikring vert inkludert i verneforskrifta, og viser til Dokkajuvet naturreservat i Nordre Land kommune som døme på korleis det kan sjå ut i ei verneforskrift. NVE ber Statsforvaltaren å ta kontakt med Okken Kraft AS, og ber dei uttale seg også i tilfelle utan konflikt.

NVE viser til at det er nettanlegg sør for det føreslegne verneområdet, og at dei ikkje har detaljert kjennskap til planar knytt til distribusjonsnett. NVE skriv at etaten er positiv til at nesten alle standardbestemmingar for nettanlegg er inkludert i verneforskrifta for området, slik at drift, vedlikehald og oppgradering kan bli gjennomført også i eit framtidig verneområde. NVE skriv vidare at det manglar ein dispensasjonsbestemming i § 7 som opnar for oppgradering og fornying av kraftleidningar som ikkje fell inn under § 4, og ber om at den blir inkludert i forskriftena.

NVE skriv at Sygnir er områdekonsesjonær i området. NVE ber Sygnir uttale seg, sjølv i tilfelle utan konflikt. NVE ber om at Sygnir og Okken Kraft blir inkludert i adresselista. Sygnir og Okken Kraft AS er kopimottakar av brevet frå NVE.



Kommentar frå Statsforvaltaren:

Helleren naturreservat grenser mot Lærdalselva på nordsida av dalføret. Dokkajuvet naturreservat er over 10 km lang og går langs og på begge sider av elva Dokka, og området er vanskeleg tilgjengeleg frå veg. I verneforskrifta for Dokkajuvet står følgjande: *Ferdselsbestemmelsene i § 5 annet ledd er ikke til hinder for: Nødvendig motorferdsel i forbindelse med rydding av vegetasjon i Dokkas regulerte elveleie som akutt sikkerhetstiltak mot flom, jf. § 4 bokstav j. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendes melding til forvaltningsmyndigheten.* Dokkajuvet naturreservat har ein heilt anna storlek enn Helleren, der sistnemte grenser til elva langs eit strekke på knappe 800 meter. Det er ein gammal riksveg på sørssida av Lærdalselva med lett tilkomst til vassdraget, denne vegen ville vere det naturlege utgangspunktet for motorisert ferdsle dersom det skulle oppstå akutte situasjoner. Det vil vere til det beste for kulturminnet K ongevegen å sikre denne frå køyring med motorisert ferdsle som kan skade anlegget. Vi vil også minne om at ferdselsreglane i § 5 ikkje er til hinder for gjennomføring av tiltak til dømes i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd. Viss NVE framleis ønskjer ei slik formulering i verneforskrifta vil vi gjerne ha innspel om dette under høyringa, men vi vurderer så langt at det ikkje er tungtvegande grunner til å leggje oss på same linje som Dokkajuvet naturreservat.

Vi har ført opp Okken Kraft AS og Sygnir som høyringspart i dette brevet. Nettselskapa var også kopimottakarar i brevet frå NVE til oss, og vi reknar med at selskapa nyttar høyringsperioden til å komme med ei uttale som kan tilføre verneprosessen meir kunnskap om deira aktivitet og behov. Når det gjeld innspelet frå NVE om standardformuleringar for nettanlegg stiller vi spørsmål ved om dette kan ha vore ei misforståing. Vi har *ikkje* formuleringar om nettanlegg i vårt forslag til verneforskrift fordi det *ikkje* er nettanlegg i eller nært innpå vårt føreslegne verneområde. Vi ber om tilbakemelding frå NVE om dette under høyringa.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Der kan du sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvpost@statsforvalteren.no.

Frist for å kome med innspel er 15. februar 2024.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing
Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar, naturmangfold

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg til verneforskrift - Helleren (Galdane) naturreservat, Lærdal
- 2 Kart til høyringa, Helleren (Galdane), Lærdal

**Mottakarar:**

Kommunal- og
moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep 0032 OSLO

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forsvarsbygg	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Kystverket	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
NTNU	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Majorstuen		
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Torgarden		
Natur og ungdom	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO



Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO



Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
KONGEVEGBEDRIFTER FILEFJELL SA	v/ Eli Belsheim Ellingbøvegen 105	2975	VANG I VALDRES
Kongevegbedrifter			
LÆRDAL HISTORIELAG	c/o Håkon Lysne Grimsgjerde 11	6887	LÆRDAL
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SYGNIR AS AVD LÆRDAL	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
OKKEN KRAFT AS	Grandavegen 4	6887	LÆRDAL